

6.0 Samledokument for innkomne fråsegner.

6.1 Fråsegn - Tariff 2024 og vegen vidare

Bemanningskrisa i offentleg sektor kan ikkje løysast med lokal lønsdanning. Ein løyser ikkje mangelen på arbeidskraft med å overby nabokommunane i løn. Utfordringar med å rekruttere ulike yrkesgrupper kan ikkje leggjast på lokalt nivå, men må løysast sentralt. Spesielt med tanke på svært samfunnsnyttige yrke. Ein kommune som lønar litt betre enn nabokommunen gjev ikkje fleire lærarar eller løyser utfordringane som heile offentlege sektor har med rekruttering.

Fagforeiningar er tufta på solidaritet og fellesskap. Slik det er no vert fokuset vent mot andre fagforeiningar for å slåst om smular i staden for mot den arbeidsgjevarpolitikken som vert ført, både på sentralt og lokalt nivå. Det er ei farleg utvikling og svekker fagforeiningane si gjennomslagskraft og på sikt legitimiteten. I dei lokale forhandlingane blir det brukt eit svært høgt tal dagsverk, både frå arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida. Dersom ein ser på den totale storleiken på potten er det forholdsmessig elendig utnytting av ressursar. I tillegg er tvisteløysingane altfor dårlege og må endrast om det skal gje noko mening.

Heilt sidan lokale lønsforhandlingar starta har Utdanningsforbundet vore motstandar av denne type lønsdanning, me etterlyser ein ny strategi for å iverksette Utdanningsforbundet sin vedtekne politikk på området.

Det må koma meir pengar til kommunane om ein skal klara å oppretthalde tenestene i kommunane. Heile velferdsstaten er utfordra grunna ei utarming av offentleg sektor. Noreg er på veg mot eit samfunn med større skilnader, berre saman kan fagforeiningar stogge ei slik utvikling.

Rammene i frontfagsmodellen vert brukt altfor strengt og må utvidast dersom lærarar skal kunna ta att den dårlege lønsutviklinga dei har hatt heilt sidan KS overtok arbeidsgjevaransvaret. Legitimiteten til frontfagsmodellen står for fall i offentleg sektor om ikkje det skjer ei endring.

Rekrutteringsutfordringane står i kø i heile utdanningssektoren. Søknaden til læraryrket har gått dramatisk ned, saman med at bakdøra står vidopen og folk forlèt yrket. Færre og færre klarar å stå til pensjonsalder. Løna til lærarar i barnehagen er ikkje til å leva av og livsløna deira må aukast. På landsbasis er ein av fem lærarar ufaglærte, utan at KS ser ut til å bekymra seg nemneverdig for det. Me har den lengste lærarstreiken i 2022 i minne. Lønsnivået for lærarar sidan KS overtok ansvaret for dei har sakka akterut og dei 190 000 medlemmane våre vil ikkje finna seg i at KS atter ein gong nedprioriterer lærarar.

Styret v/leiar Aud Karin Oen

Forslag til vedtak: Vert vedteken og sendast sentralstyret og fylkesstyret

6.2 Fråsegn - Ufaglærte i skulen

Utdanningsforbundet har publisert kor mange årsverk det er utan lærarutdanning for skuleåret 2022-2023 i Noreg. Data er basert på SSB sin statestikk for tilsette i skule og barnehage, og for Øygarden kommune viser dei at 14% av tilsette lærarar i skule, dvs. 78 årsverk er utført av tilsette som ikkje har lærarutdanning. Desse årsverka utgjer 57 798 undervisningstimar på barnetrinnet (60 min.). Dette vekker stor bekymring hjå Utdanningsforbundet Øygarden og er òg ei auke sidan skuleåret 2021-2022, då det var 75 årsverk (55 575 timar).

Det står i sterk kontrast med vår visjon om høg kvalitet i undervisninga. Kvalifiserte lærarar er heile fundamentet i utdanningssektoren. Ufaglærte tilsette har begrensa kompetanse , noko som fører til lågare standarar for undervisning, som igjen har konsekvensar for eleven sine prestasjonar og framtidige moglegheiter. Skal ein ha høge standarar for undervisning og sikre at elevane får best mogleg utdanning og god kvalitet i utdanninga må ein ha kvalifiserte og godt utdanna lærarar for å oppnå dette.

Kommunen må ha kvalifiserte vikarar tilgjengeleg, noko ny opplæringslov og viser til. I opplæringslova som blir gjeldande frå august 2024, lovfestast eit krav som seier at kommunen må sørgje for at skulen har tilgang på vikarar ved vanleg og venta fråvær, dette står i ny lov § 17-7.

Kompetanse og bemanningsservice (KOBS) er oppretta i kommunen med tanke på å ha eigne vikarar i kommunen. KOBS har tilsett nokre fagarbeidarar og skal no tilsette 1 sjukepleiar. Med så stor del av ukvalifiserte som utfører undervisning og vikararbeid i kommunen oppmodar vi KOBS til å tilsette kvalifiserte lærarar, slik at vi får kvalifiserte vikarar i skulen. Det var og intensjonen med KOBS, å ha eigne kvalifiserte vikarar. Å ha kvalifiserte lærarar i Øygarden kommune er ein føresetnad for å gje elevane våre best mogleg utdanning.

Vibecke Hodnekvam

Forslag til vedtak: Vert vedteken og sendast Kommunestyret og media.

6.3 Fråsegn - Plantid i barnehagen

Særavtalen SGS 2201 regulerer arbeidstid i barnehagane, og det skal minst setjast av 4 timar i gjennomsnitt pr. veke av den ordinære arbeidstida til planlegging, for- og etterarbeid for pedagogiske leiarar/barnehagelærarar. Minstenorm for planleggingstid til pedagogane er 4 timar, og Øygarden kommune følgjer minstenorm. Ei undersøking gjort blant pedagogane i dei kommunale barnehagane i Øygarden vise at 95 % av dei spurte mister plantid, og berre 9% svarer at dei får den att. I dei private barnhagane svarar 67% av dei spurte at dei mister plantid og berre 8% får den att. Dette er ei skam, og går ut over kvaliteten i barnehagane i kommunen. Eit minstekrav må vere at mister pedagogane plantid må dei få den att, enten i form av tid i arbeidstida eller i form av overtidsbetaling

Vibecke Hodnekvam

Forslag til vedtak: Vert vedteken og sendast kommunestyret.

6.4 Fråsegn - Auke av plantid

Plantida i barnehagen må aukast både hjå dei kommunale og private barnehagane. Dette må gjerast, utan at det går utover vaksentettleiken på avdelinga. 4 timar er ei minstenorm og ikkje nok tid. Nok tid og tid til å gjera jobben er alfa omega i yrket til barnehagelærarane. Auka plantid vil tillate betre planlegging, refleksjonar og samarbeid. Noko som igjen bidrar til forbetra pedagogisk praksis, tilpassande læringsopplevingar for borna og betre støtte i personalet si faglege utvikling. Auka plantid fremjar og ei meir heilskapleg tilnærming til bornas læring og utvikling. Arbeidsgjevarane må sjå viktigheita av plantida til barnehagelærarane samt vere viljug til å auke tida til det beste for barnehageborna i kommunen.

Vibecke Hodnekvam

Forslag til vedtak: Vert vedteken og sendast kommunestyret

6.5 Fråsegn - Tid og tillit

Det er no snart 25 år sidan eg første gong sto i eit klasserom og hadde ansvaret for undervisninga. Eg hugsar kor stolt eg var. Stolt over å vere lærar. Stolt over at eg hadde fått eit så stort og viktig ansvar. Eg var ein lærar. Ein lærar som skulle få vere med å utdanne morgondagens vaksne. Det som tok det meste av tida mi dei første åra var å forberede undervisninga. Den undervisninga som skal vere spennande, skape engasjement, nysgjerrigheit, vere differensiert slik at han famna om alle elevane. Undervisning som skal vere variert, gje rom for medverking, vere informativ og skape undring. Undervisning som skal danne og utdanne elevane, og sette dei i stand til å ta sjølvstendige val, vere kritiske, kunne stå opp for seg sjølv, respektere andre sine meningar, og argumentere for sine eigne. Undervisning som skal gje dei kunnskap og dugleik, både fagleg og sosialt, til å fungere i ei gruppe, i eit inkluderande og likeverdig fellesskap. Fungere i eit samfunn.

Det er like viktig i dag, om mogleg kanskje enda viktigare. Den tida du har til å planlegge ei undervisning som skal halde tritt med eit samfunn som endrar seg i rekordfart, som skal konkurrere med sosiale medium, digitale verktøy og kunstig intelligens.

Likevel, i dag er det for lita tid igjen til å planlegge den viktige undervisninga, for lita tid til det som er lærarens kjerneoppgåve. I dag blir mesteparten av tida vår brukt til å dokumentere alt vi gjer, til å handtere barn som har sterke åtferdsuttrykk, barn som har uttrykk som kan skade og/eller skremme andre, truslar, barn som ikkje har lyst til å følge beskjeder eller ikkje klarar det, samarbeid med andre instansar, framoverlente foreldre som treng støtte og rettleiing, barre for å nemne noko.

Ein klar intensjon i den norske skulen er at den skal inkludere alle og ivareta alle. Kanskje er det på tide å ta ein fot i bakken, og undre seg over om individets rettar no står så sterkt at det går på kostnad av fellesskapet.

På toppen av det heile blir det kutta i ressursane til skulen, og vi blir stadig pålagt fleire oppgåver. Ingenting blir fjerna. Vi blir ståande i spagat, i eit krysspress der det heile tida forventast at vi skal yte meir slik at elevane kan lære meir, forstå meir og meistre meir. Og det skal dokumenterast. Skulen blir ikkje ein god plass å vere for elevane då.

Vi lærarar treng tid. Tid til å gjere jobben vår. Tid til å ivareta elevane våre slik de fortener. Tid til å reflektere over eiga undervisning saman med kollegaene våre, slik at vi kan lære av kvarandre og utvikle oss til å bli enda betre, i eit profesjonsfellesskap.

Og vi treng tillit. Tillit til lærarprofesjonen og lærarane sin autonomi. Gje oss tid og tillit, og vi vil gje dykk morgondagens heltar, vi vil utrette mirakel og utdanne Noreg.

Jane Føllesdal

Forslag til vedtak: Vert vedteken og sendt til Utdanningsministeren, kommunestyret i Øygarden og media.

6.6 Fråsegn - Stranda skule

På klubbmøtet 13. februar 2024, blei det vedtatt å sende denne fråsegna til handsaming på årsmøtet til UDF Øygarden. Klubben ved Stranda skule ynskjer at årsmøtet kan vere samd i at fråsegna vert sendt til medlemene i kommunestyret i Øygarden.

Mange elevar treng ekstra tilrettelegging og spesialundervisning på skulane i Øygarden.

Nokre elevar treng tilrettelegging og spesialundervisning av stort omfang. Ressursane som skulane får tildelte, er for knappe til at elevane kan få den undervisninga og oppfølginga dei burde fått. Årsmøtet i UDF Øygarden ber politikarane og administrasjonen i Øygarden kommune om å lytte til skuleleiarar og Utdanningsforbundet når det blir formidla at ressursane ikkje strekk til. Årsmøtet ber og om at ressursane til dei elevane som treng mykje tilrettelegging og spesialundervisning, vert tildelt særskilt.

Stranda skule, 13. februar 2024

Elisabeth Hummelsund

Klubbleiar

Forslag til vedtak: Vert vedteken og sendast kommunestyret i Øygarden.

6.7 Fråsegn - Bemanning og tid for de minste

Det er tid for de minste, flere barnehagelærere og økt bemanning

Det mangler grunnbemanning og tusenvis av barnehagelærere som kan bidra til at de yngste barna får gode og trygge rammer for lek, utvikling og læring.

Ifølge Samordna opptak har nesten 40 prosent av søkerne som setter barnehagelærerutdanning som sitt førstevalg, forsvunnet i løpet av to år. Dette er en dramatisk nedgang.

Det mangler barnehagelærere. Tre av ti barnehager i landet oppfyller i dag ikke denne normen. I Øygarden er dette tallet 4 av 10. I Bergen er dette tallet 99%. Hvorfor er det sånn, at rett over broen klarer de dette?

Vi må ta innover oss at vi må jobbe aktivt for å beholde og rekruttere barnehagelærere i Øygarden, og vi må peke på hva det handler om. Kompetanse, bemanning, arbeidstid og lønn. Disse fire faktorene kan løse problemet.

Barnehagens kompetanse og bemanning er avgjørende for hvordan barn har det i barnehagen. Kravene som stilles til barnehagens pedagogiske virksomhet er omfattende. For å møte alle disse kravene er det avgjørende at personalet i barnehagen både har nok tid og kompetanse til å planlegge, gjennomføre og vurdere barnehagens praksis. Vi vet fra kartlegging gjort i de kommunale og private barnehagene lokalt at det ikke er tilfelle i dag. Dagens bemanningssituasjon er kritisk, og kombinert med mangel på barnehagelærere, fører dette til at barnehagen for mange er en ren tilsynsordning og ikke en pedagogisk virksomhet.

Skal vi klare å rekruttere og beholde barnehagelærerne må vi ta inn over oss livslønnsproblematikken. Det viktig å erkjenne at barnehagelærere er blant de yrkesgruppene med lavest livslønn. Dette kommer frem i SSB si oversikt fra desember 2022 . Selv om de med 3-årig høyskoleutdanning har hatt god lønnsutvikling de senere årene, så kommer barnehagelærerne dårlig ut fordi

lønnsmidlene blir plassert på ubekvemstillegg. Realiteten er at i gjennomsnitt tjener barnehagelæreren nesten 13 prosent mindre enn en som har gjennomført videregående opplæring. Dette bidrar ikke til rekrutteringen til yrket.

At ansvaret for at kompetanse, bemanning tid og lønn kommer på plass er det ingen tvil om at er et nasjonalt ansvar, men vi må starte arbeidet lokalt.

- Tillegget til pedagogiske ledere harmoniseres.
- At partene lokalt lager en kompetanseplan for barnehagene, som skal motivere til rett kompetanse, og gi bedre lønnsutvikling i yrket
- At bemanningen styrkes med mål full grunnbemanning i hele åpningstiden

Det er tid for de minste.

Cathrine Olsen

Forslag til vedtak: Vert vedteken sendt kommunestyret og styret, og vert en del av handlingsplanen.

